

**MOTTATT**

Til DSer og UDSer:

**16 OKT. 1980**

## INNLEIING

Klassifiseringsdirektivet treng ein revisjon. Det fins korrekt kritikk av manglar når det gjeld slike ting som retningslinene for 2.2., dei særskilte problema på mindre plassar/bygder og anna. Det fins også ein del spørsmål og kritikk som gjeld korleis klassifiseringa skal førebu oss best mogleg på overgangen frå den noverande situssjonen til krig/okkupasjon. Dette reiser spørsmål som ikkje er ferdig diskuterte. På grunnlag av dette og den stramme arbeidssituasjonen i laga denne hausten har vi bestemt oss for å vente med neste revisjon av klassifiseringsdirektivet til det er gjennomført ein strategisk diskusjon om overgangen til okkupasjon/krig. Tidspunktet for dette kan vi ikkje gje nå, men må kome attende til det i samband med årsplanen.

Vi sender dette brevet til DS og UDS for at ikkje spørsmålet skal gå i "gløymeboka". Og for å kommentere nokre spørsmål som er oppe.

## LINJA I DIREKTIVET STAR VED LAG

Klassifiseringsdirektivet gjeld, og lina i direktivet er korrekt. Dette tyder ikkje at alle problem er løyste, og ein større strategisk diskusjon om korleid vi skal jobbe nå/førebu oss organisatorisk på okkupasjon, kan sjølsagt endre ein del av retningslinene. MEN - dersom vi gjennomfører direktivet vil vi definitivt stå sterkare både nå og i ein ny situasjon enn om vi ikkje gjer det. Dersom vi t.d. skulle ønske å gjennomføre ei anna organisering av arbeidet med 2.2. enn i dag, vil det avgjort vere ein fordel at det fins folk som er 2.2. etter dei noverande retningslinjene framfor at slike ikkje fins.

Retningslinene for sikkerhetsarbeidet er under ild frå fleire kantar, og det er nødvendig å føre kamp for å forsvare dei sikkerhetsnormene som gjeld.

## "MOT ALL SIKKERHET"

Fleire av forslaga til "liberalisering" av vedtektene inneber også at alt sikkerhetsarbeid skal raserast. T.d. gjeld dette forslaga om å lempe på fraksjonsforbodet. Det blir også hevda at sikkerhetsnormene må kuttast for å fremje demokratiet. Slike forslag vil gjere intern-organisatoriske forhold, namn, tillitsvery osv, til yanleg samtaleemne partimedlemmer imellom utanfor

dei organa der slikt høyrer heime. Det vil gjera partiet dårleg rusta mot klassefienden i dag, og vil legge oss på å åpne for likvidasjon i ein okkupasjons-/krigssituasjon.

Det fins også andre forslag som ikkje går så langt, men som dreg i same retning. Så som ulike forslag om åpne kontaktliner mellom laga. Vidare forslag om å kutte 2.2., dels fordi det er så vanskeleg og dels fordi det hemmer det daglege massearbeidet. Eventuelt at det berre skal vere eit lite antal folk som er 2.2., og at dei skal jobbe isolert frå dei vanlege laga. Slik blir dei vanlege laga lagt påne utan skikkeleg sikkerhetsarbeid, medan eit fåtal 2.2. som driv for seg sjøl blir eit alibi for at vi driv da med sikkerhet.

#### SLARV OG LAUSPRAT BRYT NED SIKKERHETEN

I samband med oppløysinga av partinormene er det nå også dessverre slik at slarv og laust prat om personer og intern-organisatoriske forhold grip om seg i partiet. Dette er ikkje berre skadeleg for den demokratiske sentralismen og enheten i partiet, men er også ein trusel mot sikkerheten.

#### "ALLE UNDER JORDA"

Mange kameratar reagerer på oppløysinga av sikkerhetsnormene i partiet. Nokre av desssr reaksjonane "slår over" i krav om at vi må la det meste av det åpne, legale arbeidet fare, og at alle eller nesten alle, må bli 2.2. Dette svarer heller ikkje til dei behøva vi har.

#### STYRA MA ENGASJERE SEG

Vi meiner DSA må sjå det som si oppgåve å forsvare klassifiseringsdirektivet og dei sikkerhetsnormene som gjeld. Spesilet meiner vi det er viktige å konsentrere seg om at 1.1. og 2.2. fungerer til fredsstillande.

#### FLEIRE 1.1.

Det fins framleis ei viss motvilje mot å ha verkelege markerte 1.1.-kameratar. Dels trur vi det fins plassar der det er for få kameratar som er 1.1. DSA må sjølve vurdere om det kan gjelde hos dei. Men først og fremst vil vi peike på at vi treng 1.1.-kameratar som er meir markerte i det offentlege liv, som er meir av "kjendisar" og blikkfang enn det mange av 1.1.-kameratane



er nå.

Dette er både nødvendig for at desse kameratnae skal kunne gjere sin eigen jobb skikkeleg. Og det er nødvendig for å få til eit betre arbeid med dei hemmelege delane av partiet. Vi treng l.l. som "lynvleiar" for at dei kameratane som er hemmelge skal få vere "i fred".

#### ARBEIDET MED 2.2.

Når det gjeld kameratar som er 2.2. vil vi enda ein gong understreke at det er avgjerande at dei driv verkeleg massearbeid. Styrar i laga må legge vekt på at dei får hjelp til å stille oppgaver for massearbeidet, og at det arbeidet dei gjer blir oppsummert.

#### "Alle 2.2. i egne lag"

Det fins forskal om at alle 2.2.-kameratar skal organiserast i egne lag, og at det ikkje skal vere nokon 2.2. i dei vanlege grunnorganisasjonaen. Argumenta er dels eit ønske om å verne 2.2. betre enn nå. Men vi ønsker jo nettopp at flest mogleg av grunnorganisasjonane skal kunnr fortsette arbeidet etter ein okkupasjon, og det vil vi ikkje sikre på denne måten. Ei slik organisering ville sette 2.2. i altfor stor grad "utafor" det vanlege arbeidet vi driv nå og gjera det vanskeleg for desse kameratane å plukke opp tråder og reorganisere arbeidet. For at laga skal kunne fortsette, må det finnast folk i laga som kan bli der dei er.

(Dette tyder ikkje at vi er imot alle former for hemmelege ~~xx~~ lag. Direktivet gjev døme på tilfeller der det kan vere aktuelt: nye og svake lag, lag på arbeidsplasser og i geografiske områder der vi ikkje vil det skal vere kjent at partiet driv arbeid. I slike lag må alle medlemmene vere anten 2.1. eller 2.2. Det kan også tenkast at DSA vil vereinteressert i å organisere einskilde hemmelege lag som driv emd spesielle saker. Det vi er imot er ei line som ikkje vil ha 2.2. i dei vanlege grunnorganisasjonane.)

#### EIN 2.2.I KVART LAG ØM MALSETTING?

Vi har diskutert spørsmålet om kvantitative målsettinger for 2.2. med einskilde DS. Ut frå desse diskusjonane kan det sjå ut som det nå er realistisk å stille seg den opprinnelege målsettinga ein pr. lag. (Dette må ikkje oppfattast skjematisk slik at det må vere ein i kvart lag, men somei norm for disktriktet som helhet.) Vi vil ikkje pålegge ei slik målsetting nå, men be DSA

vurdere målsetting på grunnlag av situasjonen i disktriktet og si  
eiga vurdering.

#### FA INN ERFARINGENE

Vi er framleis svært interessert i konkret kritikk og ikkje minst  
erfaringer og forslag når det gjeld alle delar av direktivet.  
Særskilt vil vi trekke fram retningsliner for 2.2. og erfaringer  
frå arbeidet på små plasser/bygder og mindre byer.

På oppdrag frå SKAU

Hans ARmand Hansen